



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
46/2016	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	02.05.2016
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Klyve	FA - S10	16/208

UTTALE TIL SØKNAD OM KONSESJON FOR NONSTADGILET KRAFTVERK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune rår til utbygging av Nonstadgilet kraftverk med følgende avbøtande tiltak:
Landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar som gjev minst mogleg utsprenging i traséane, overdekking av røyrgate og rask revegetering med stadleg masse.
Det må ikkje lagast permanent ATV-veg til inntaket.
Av omsyn til villrein må støydempende og andre naudsynte tiltak vektleggjast i anleggsperioden i samråd med villreinnemnda.
Det må sleppast minstevassføring både frå utløpet til Store Nonstadgilvatnet og frå Litle Nonstadgilvatnet for å behalda «fossebilet»
Det må gjerast reinsetiltak slik at avrenning frå anleggsarbeidet ikkje renn ned i Eksingedalsvassdraget, som er ei viktig fiskeelv.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 46/2016

FPØ - Behandling:

Vedteke mot 1 røyst (Kjartan Haugsnes, SV)

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Vaksdal kommune rår til utbygging av Nonstadgilet kraftverk med følgende avbøtande tiltak:
Landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar som gjev minst mogleg utsprenging i traséane, overdekking av røyrgate og rask revegetering med stadleg masse.
Det må ikkje lagast permanent ATV-veg til inntaket.
Av omsyn til villrein må støydempende og andre naudsynte tiltak vektleggjast i anleggsperioden i samråd med villreinnemnda.
Det må sleppast minstevassføring både frå utløpet til Store Nonstadgilvatnet og frå Litle Nonstadgilvatnet for å behalda «fossebilet»


Det må gjerast reinsetiltak slik at avrenning frå anleggsarbeidet ikkje renn ned i Eksingedalsvassdraget, som er ei viktig fiskeelv.

Saksopplysningar:

Blåfall AS ønskjer å utnytta vassfallet i Nonstadgilet og søker om konsesjon for bygging av Nonstadgilet kraftverk. Nonstadgilet ligg i Eksingedalsvassdraget på sørsida av Nesevatnet ca 12 km bilveg opp frå tettstaden Eidsland.

Kraftverket vil nytta eit fall på 530 m i Nonstadgilet, frå inntaket på kote 795 til kraftstasjonen på kote 265. Vassvegen vil bli 1850 m totalt og vil vera nedgravd i grøft. Store Nonstadgilsvatn planleggjast overført til Syndre Nonstadgilsvatn. Det planleggjast anleggsveg som vil følgja røyrkata opp til inntaket. Det er ikkje naudsynt med ny veg til kraftstasjonen, då det går ein eksisterande landbruksveg forbi. Middelvassføringa er 320 l/s, og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 880 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 3,7 MW, og vil etter planane produsere 9,7 GWh årleg. Det er planlagd ei minstevassføring på 22 l/s heile året. Dette er i storleik med berekna alminneleg lågvassføring. Utbyggingskostnad er sett til 4,20 kr/kWh.

Figur nedanfor viser reguleringa av dei 4 Nonstadgilvatna.



Verknad for natur og samfunn

Planområdet ligg i eit område kor naturlandskapet dominerer. Det er ingen bygningar på den sørlege

sida av Storelvi der planområdet ligg, men det går ein grusveg forbi. Utbygging av Nonstadgilet kraftverk vil føra til redusert vassføring i Nonstadgilet, og ingen vassføring i den øvre delen av utløpet frå store Nonstadgilsvotn. Reguleringa av dei fire vatna inneber etablering av dam og auka eller redusert vasstand. Det skal byggjast ein førebels anleggsveg opp til inntaket. Denne vil revegeterast etter ei viss tid, men området vil bera preg av inngrepet ein god stund framover. Røyrgate vil delvis bli nedgraven, men også denne vil vera godt synleg ei stund fram i tid. Kraftstasjonen vil bli eit nytt element nede ved Storelvi ettersom det ikkje er bygningar her frå før. Ein kan likevel, etter utbyggjar sitt syn, tilpassa kraftstasjonen til omgjevnadene ved val av bygningsmaterial og farge på desse. Frå kraftstasjonen skal det leggjast ein kabel langs med eksisterande grusveg fram til eksisterande 22 kV luftline aust for planområdet. Sidan kabelen skal leggjast i tilslutnad til eksisterande veg, meiner utbyggjar dette ikkje vil ha stor verknad på landskapet. Totalt vil dei ulike tiltaka i samband med etableringa av Nonstadgilet ha ein negativ påverknad på landskapet. Dette kjem av at landskapet i dag er dominert av naturbiletet, og ei utbygging av Nonstadgilet kraftverk vil redusera dette.



Figur over viser skisse av planlagt anleggsveg og røyrgate i Nonstadgilet frå inntaket til kraftverket, teikna i raudt. Dei to elvestrengane midt i biletet vil bli regulerte med minstevassføring. Bildet nedanfor viser elveutløpet frå Litle Nonstadgilvatnet før det kastar seg i bratte gjel ned mot Nesvatnet.



Totalt vil det vera bortfall av inngrepsfrie område i klassen 1-3 km frå inngrep på 4,72 km². 1,57 km² av inngrepsfrie område i klassen 3-5 km frå inngrep vil bli omklassifisert til 1-3 km frå inngrep. Det vil ikkje vera endringar i område med klasse >5 km frå inngrep.

Biologisk mangfald

Iflg. tiltakshavar er det ikkje registrert verdfulle naturtypar, og konsekvensen av tiltaket er vurdert å vera ubetydeleg for temaet. Vidare er det ikkje registrert raudlista karplanter, mosar eller lav i tiltaksområdet, og konsekvensen av tiltaket er vurdert å vera liten negativ for temaet. Området er av tiltakshavar vurdert å ha middels verdi for fugl og pattedyr. Det kjem av at planområdet rører ytterkanten av eit villreinområde. Det er også registrert hare innanfor influensområdet, som er raudlista. Konsekvensen av tiltaket for fugl og pattedyr er vurdert å vera middels negativ.

Fisk: Utbyggjar vurderer området til ha ingen verdi for fisk og ferskvassøkologi. Grunneigar har stadfest at det ikkje er fisk i Nonstadgilet og vatna oppe på fjellet. Konsekvensen for temaet er vurdert å vera ubetydeleg.

Kulturminne: Iflg. tiltakshavar er det ingen registrerte kulturminne innanfor eller i nærleiken av planområdet.

Samfunns- og brukarinteresser

Blåfall AS har inngått avtale med dei tre grunneigarane om bruk av området til vasskraftproduksjon. I tillegg til å produsera rein energi vil Nonstadgilet kraftverk bidra til energiforsyninga i området og vera ei inntektskjelde for grunneigarar og utbyggjarar. I anleggsperioden vil tiltaket skapa arbeidsplassar, og det blir behov for tilsyn i driftsfasen som fører til noko auka sysselsetting lokalt. Ein stor del av investeringa vil iflg. tiltakshavar gå til lokale leverandørar og dermed styrkja det lokale næringslivet. Anlegget vil òg gje auka inntekter til kommunen i form av eigedomsskatt. Det vert ikkje gjeve konsesjonskraft til kommunen frå småkraftanlegg.

Det er ingen jordbruksinteresser i området utanom beite for husdyr. Området er svært bratt utan turstiar og bruk av området til friluftsliv er difor liten.

Vurdering

Det omsøkte området er i dag ikkje påverka av inngrep frå menneske. Totalt vil dette prosjektet difor medføra bortfall av inngrepsfrie område i klassen 1-3 km frå inngrep på 4,72 km². Dette er eit relativt stort bortfall av INON i det siste området i Vaksdal kommune med eit større urørt naturområde.

Vassføringa i elvestrengane vil i store deler av året verta redusert og ein får delvis nedgrave røyrgate i bratt terreng, damm og inntaksmagasin og eventuelt varige terrenginngrep som følgje av sprenging. Det er iflg. søknaden ikkje aktuelt med tunneldrift eller veglaus utbygging. Det må gjerast tiltak slik at avrenning frå anleggsarbeidet ikkje renn ned i Eksingedalsvassdraget, som er ei viktig fiskeelv som er lakseførande i nedre del. Planområdet rører ytterkanten av eit villreinområde av «stor verdi» (Direktoratet for naturforvaltning 2009) . I utbyggingsperioden må støydempende og andre naudsynte tiltak prioriterast i samråd med villreinnemnda.

Av raudlista arter er det berre registrert hare, som det er lite sannsynleg utbygginga vil ha negative konsekvensar for. Det er ikkje registrert verdfulle naturtypar.

Området er lite brukt til friluftsliv; i tilfelle heilt lokalt bruk i samband med jakt og sauesanking.

Elva og elvestrengane i Nonstadgilet er mindre synlege frå vegen nede i Eksingedalen. I flomperiodar er likevel deler av elva i Nonstadgilet og elvestrengen frå Store Nonstadgilsvotn såpass eksponerte at dei som ein del av landskapsbiletet gjev positive opplevingar både for bilturistar og syklande på den nasjonale sykkelruta gjennom Eksingedalen.

Elva og elvestrengen vil etter utbygging framleis vera godt synlege i større flomperiodar, særleg i middels og våte år, men den markante breie fossen ned frå Store Nonstadgilvatnet vil verta heilt borte i tørre periodar, då det ikkje er planlagt misntervassføring i dette elveløpet.

Det vert rådd til utbygging av Nonstadgilet kraftverk.

Som avbøtande tiltak vert det krevd:

Landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar som gjev minst mogleg utsprenging i traséane, overdekking av røyrgate og rask revegetering med stadleg masse.

Det må ikkje lagast permanent ATV-veg til inntaket.

Av omsyn til villrein må støydempende og andre naudsynte tiltak vektleggjast i anleggsperioden i samråd med villreinnemnda.

Det må sleppast minstevassføring både frå utløpet til Store Nonstadgilvatnet og frå Litle Nonstadgilvatnet for å behalda «fossebiletet»

Det må gjerast reinsetiltak slik at avrenning frå anleggsarbeidet ikkje renn ned i Eksingedalsvassdraget, som er ei viktig fiskeelv.